

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
021/2015	Formannskapet i Radøy	PS	26.03.2015
014/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	28.04.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	15/449	15/2822

Friluftslivets år-kommune

Saksopplysingar:

Bakgrunn

2015 er utpeika til å vere Friluftlivets år med særleg fokus på nærmiljø, heilårs friluftsliv, fritidsfiske og kulturminne. Mottoet for Friluftslivets år er: «No er det din tur» og visjonen er «Fleire ut – oftare».

Hovudmålet for året er todelt:

1. å gje friluftsliv auka merksemd
2. å gje varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i heile befolkninga

Barn, unge og barnefamiliar er viktige målgrupper.

Norsk Friluftsliv og Friluftsrådenes Landsforbund inviterer alle kommunane til å gjera vedtak om å vera ein «Friluftslivets år-kommune». Alle kommunane som gjer vedtak om dette, er samstundes nominerte til å verta årets friluftskommune.

Vurdering

Radøy har mykje fin natur som opnar opp for eit aktivt friluftsliv, med sjø på alle kantar, mange fiskerike ferskvatn, store område med velstelt kulturlandskap og flotte utmarksområde. Hundrevis av stiar går på kryss og tvers av kommunen og gjer mange turområde lett tilgjengeleg for dei fleste.

Radøy kommune har i 2015 lagt opp til at friluftsliv skal vera eit satsingsområde, både gjennom å oppnemna ei arbeidsgruppe og referansegruppe for Friluftslivets år og gjennom løvningar til turstiar og turveg. Det å verta ein Friluftslivets år-kommune vil vera ein ytterlegare stimulans til å setja friluftsliv på dagsordenen.

For å bli ein friluftslivet år kommune må følgjande punkt oppfyllast i løpet av året:

1. Støtta opp om lokale arrangement og aktivitetar i Friluftslivets år.

Radøy kommune har informert lag og organisasjoner om at friluftslivets år er eit satsingsområde i år, og invitert til samarbeid. Kommunen vil særleg bidra til marknadsføring av arrangementa.

2. Vektleggja omsyn til friluftsliv i planarbeidet til kommunen

Radøy kommune vektlegg friluftsliv i alt planarbeid. Kommunen har i tillegg søkt midlar til kartlegging

av friluftsområde, noko som vil vera eit viktig verkemiddel for å sikra interessene til friluftslivet i all planlegging og kommunal handsaming.

3. Stimulera barnehagane og skulane til å bruke naturen i leik og læring

Oppvekstsektoren er representert med ein representant i arbeidsgruppa for Friluftslivets år, og denne representanten har eit særleg ansvar for å følgja opp skular og barnehagar.

4. Satsa på stien som aktivitetsanlegg

Kommunestyret har løyvd 200 000 kroner til tilrettelegging av stiar. Desse midlane kan lag og organisasjonar søkja tilskot frå. I samarbeid med lag og organisasjonar, har kommunen søkt midlar frå Turskiltprosjektet til skilting av fleire stiar. Radøy kommune vil også senda ut brosjyre med utvalde turar der det vert lagt ut postar.

5. Bruka friluftsliv som eit positivt verkemiddel i folkehelsearbeidet i kommunen.

Eit satsingsområde for Radøy kommune er å få fleire i aktivitet. Både eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne er med i referansegruppa for Friluftslivets år for å sikra at desse gruppene også vert ivaretatt i friluftslivssamanhang.

Me legg opp til kring eitt friluftsarrangement i veka, frå påske til oktober, med eit variert program. Mange av desse vert arrangert av friluftsorganisasjonar, anten aleine eller i samarbeid med kommunen.

6. Arrangera Ordførarens tur, - ein open tur med ordføraren som turleiar.

Ordføraren inviterer til familietur til Skageneset 16. august. Turen set samstundes fokus på kulturminne frå krigen. Ordføraren inviterer i tillegg til natt i naturen 8. mai.

7. Stilla opp til bålsamtale eller anna møte med friluftsorganisasjonane i kommunen.

Radøy kommune har god dialog med Marås 4H og vil gjerne invitera dei og andre friluftsinteresserte til dialog. Barnas turlag Nordhordland er med i referansegruppa for Friluftslivets år.

Rådmannen ynskjer å leggja følgjande punkt til lista:

8. Stimulera born og unge til å bruka naturen også på fritida

Ungdomskoordinatoren planlegg i samarbeid med barnevernet sommarcamp for ungdommar. I samarbeid med fleire lag og organisasjonar planlegg kulturkontoret og ungdomskoordinatoren aktivitetsdagar i sommar for barn over SFO-alder.

Ungdomsrådet er med i referansegruppa for Friluftslivets år.

9. Kopla friluftsaktivitetar og kulturminne

Radøy kommune vil leggja til rette for at kulturminne vert ein større del av opplevinga på viktige friluftsområde. Me vil i løpet av året mellom anna løfta fram kulturminna i Marøy, torvhusemiljøet på Pletten og øydegarden Grimstad.

Konklusjon

Radøy kommune er godt i gang med planlegginga og gjennomføringa av Friluftslivets år. Dei fleste av dei krava som vert stilte til kommuner som ynskjer å verta Friluftslivets år-kommune er anten oppfylt eller under planlegging og vil såleis vera mogleg å realisera. Det å verta ein Friluftslivets år-kommune kan vera med å setja eit ekstra fokus på friluftsliv. Radøy kommune bør på bakgrunn av dette verta ein Friluftslivets år-kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune vil støtta opp om Friluftslivets år 2015, og arbeida for måla om å gje friluftsliv auka merksemd og varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av befolkninga.

Kommunen vil:

- Støtta opp om aktivitetar og arrangement i Friluftslivets år.
- Vektleggja omsyn til friluftsliv i kommunen sitt planarbeid.
- Stimulera barnehagar og skular i kommunen til å bruka naturen til leik og læring.
- Satsa på stien som aktivitetsanlegg.
- Bruka friluftsliv som eit positivt verkemiddel i folkehelsearbeidet i kommunen.
- Arrangera Ordføraren sin tur; ein open tur med ordføraren som turleiar.
- Stilla opp til bålsamtale eller anna møte med friluftsorganisasjonane i kommunen.
- Stimulera born og unge til å bruka naturen også på fritida.
- Kopla friluftsaktivitetar og kulturminne

Formannskapet i Radøy - 021/2015**FS - handsaming:**

Ordførar Jon Askeland gjorde framlegg om at Ordføraren sin tur vert utvida med "Min tur", der formannskapsmedlemene inviterer innbyggjarane til å vera med på tur.

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen si tilråding, med ordføraren sitt tilleggsframlegg i møtet.

FS - vedtak:

Radøy kommune vil støtta opp om Friluftslivets år 2015, og arbeida for måla om å gje friluftsliv auka merksemd og varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av befolkninga.

Kommunen vil:

- Støtta opp om aktivitetar og arrangement i Friluftslivets år.
- Vektleggja omsyn til friluftsliv i kommunen sitt planarbeid.
- Stimulera barnehagar og skular i kommunen til å bruka naturen til leik og læring.
- Satsa på stien som aktivitetsanlegg.
- Bruka friluftsliv som eit positivt verkemiddel i folkehelsearbeidet i kommunen.
- Arrangera Ordføraren sin tur; ein open tur med ordføraren som turleiar, og "Min tur" med formannskapsmedlemene som turvert.
- Stilla opp til bålsamtale eller anna møte med friluftsorganisasjonane i kommunen.
- Stimulera born og unge til å bruka naturen også på fritida.
- Kopla friluftsaktivitetar og kulturminne

Kommunestyret i Radøy - 014/2015**KS - handsaming:**

Kommunestyret vedtok samråystes formannskapet si tilråding.

KS - vedtak:

Radøy kommune vil støtta opp om Friluftslivets år 2015, og arbeida for måla om å gje friluftsliv auka merksemd og varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av befolkninga.

Kommunen vil:

- Støtta opp om aktivitetar og arrangement i Friluftslivets år.
- Vektleggja omsyn til friluftsliv i kommunen sitt planarbeid.
- Stimulera barnehagar og skular i kommunen til å bruka naturen til leik og læring.
- Satsa på stien som aktivitetsanlegg.
- Bruka friluftsliv som eit positivt verkemiddel i folkehelsearbeidet i kommunen.
- Arrangera Ordføraren sin tur; ein open tur med ordføraren som turleiar, og "Min tur" med formannskapsmedlemene som turvert.
- Still opp til bålsamtale eller anna møte med friluftsorganisasjonane i kommunen.
- Stimulera born og unge til å bruka naturen også på fritida.
- Kopla friluftsaktivitetar og kulturminne

Vedlegg:

Friluftslivets år-kommune